



## Saksframlegg

Dokumentnr.: 14/00116-11

Saksbehandler: Jan Ryste

Dato: 13.06.2014

Sak nr.	Behandles av:	Møtedato
	Fylkesstyret Sogn og Fjordane	24.06.2014

### **Ugradert**

## **HØYRING - LOVFORSLAG OM STATLEG GODKJENNING AV KOMMUNALE LÅNEOPPTAK OG LEIGEAFTALER I FORKANT AV KOMMUNEREFORMA**

---

### Forslag til vedtak

*Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane vil gi uttrykk for at ein ikkje finn at innføring av lovpålagd godkjenning av låneopptak og langsiktige avtaler om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar i alle kommunar er eit egna verkemiddel i prosessen knytt til kommunereforma.*

*Fylkesstyret ser ikkje behovet for eit slikt tiltak, og meiner det inneber manglande tillit til det lokale sjølvstyre, som igjen kan bli eit hinder for å få til gode lokale prosessar når viktige samfunnsmessige endringar skal planleggast og gjennomførast.*

### Endeleg vedtak

*Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane går i mot innføring av lovpålagd godkjenning av låneopptak og langsiktige avtaler om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar som eit verkemiddel i prosessen knytt til kommunereforma.*

*Fylkesstyret ser ikkje behovet for eit slikt tiltak, og meiner det inneber manglande tillit til det lokale sjølvstyre, som igjen kan bli eit hinder for å få til gode lokale prosessar når viktige samfunnsmessige endringar skal planleggast og gjennomførast.*

Fylkesstyret støttar elles Hovudstyret i KS sitt så lydande vedtak:

1. KS går mot at det innføres nye regler om godkjenning av låneopptak og langsiktige avtaler om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler.
2. KS har forståelse for at det kan være behov for noe mer kontroll i gjennomføringsfasen for en kommunereform, men er prinsipielt uenig i en slik overstyring av kommunene som forslaget vil gi. De foreslåtte lovendringene er et unødvendig stort inngrep i det lokale selvstyret og kommuner i økonomisk balanse.
3. Dersom Stortinget slutter seg til forslaget om statlig godkjenning, må investeringsplaner og avtaler som fremgår av økonomiplanen 2014 – 2017 ikke kunne stoppes av den nye statlige godkjenningen.
4. KS forutsetter at fylkesmennes godkjennelse av låneopptak og leieavtaler skjer ved en ubyråkratisk og effektiv saksbehandling, og ikke fører til unødvendige forsinkelser for kommunene. Det må som hovedregel forventes at den statlige godkjenningen foreligger senest 2 uker etter at fylkesmannen har mottatt vedtaket fra kommunen.

## Saksframstilling

Regjeringa har i Prop. 95 S (2013 – 2014), Kommuneproposisjonen 2015, foreslått at det skal gjennomførast ei kommunereform. Med mål å legge til rette for gjennomføring av reforma utan at kommunar gjer «strategiske økonomiske tilpassingar i forkant», vert det foreslått ei mellombels lovendring som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring lovforslag om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetting av kommunereforma med høyringsfrist 25. juni, jf. vedlegg.

Framlegget til lovendring går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtaler ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen. Framlegget til lovendring gjeld for budsjettåra 2015 – 2017.

Ordlyden i forslaget er som følgjer:

*«I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) skal § 60 nytt nr. 6 lyde:*

*6. Også for kommuner som ikke er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen utgifter utover fire budsjettår, ikke gyldige før det er godkjent av fylkesmannen. Kommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om kravet om godkjenning.»*

I høyringsdokumentet skriv departementet mellom anna:

*«Det er ikkje tenleg å legge avgrensingar på investeringsnivået i seg sjølv. Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen ikkje nekte eit lån utifrå ei rein økonomisk vurdering.» ...*

*« ... Når sentrale styresmakter vurderer å auke den statlege kontrollen retta mot kommunane, må ein vege omsynet til det kommunale sjølvstyret mot det statlege behovet for kontroll. Inndelingslova legg rammene for lokalt initierte prosessar fram mot inndelingsendringar. Ved gjennomføring av ei nasjonal kommunereform blir inndelingsendringar eit tema for alle kommunar. For å sikre samanslåtte kommunar etter kommunereforma dei best moglege vilkåra for drifta og utviklinga vidare, kan det vere behov for styrka statleg kontroll i åra fram mot reforma.»*

Måla for kommunereforma er skildra i kommuneøkonomiproposisjonen, der det i kapitel 4, pkt. 1, innleiingsvis heiter:

*«Regjeringen vil spre makt, begrense statlig detaljstyring og bygge samfunnet nedenfra gjennom å gi mer handlingsrom til enkeltmennesker, familier, lokalsamfunn og bedrifter. Regjeringen ønsker å gi mer makt og myndighet til mer robuste kommuner.*

*Kommunene har, innenfor rammen av nasjonale mål, et bredt spekter av funksjoner knyttet til tjenesteproduksjon, demokrati, myndighetsutøving og samfunnsutvikling. Regjeringen vil satse videre på kommunene og styrke velferdstjenestene der folk bor. Nærhetsprinsippet, som innebærer å legge oppgaver og beslutninger så nær dem det gjelder som mulig og en tro på det lokale folkestyret, er grunnlaget for at regjeringen ønsker å gjennomføre en kommunereform der det også tas sikte på å gi kommunene flere oppgaver.*

*Det lokale selvstyret står sterkt i Norge. Regjeringen vil forsterke og utvikle det lokale selvstyret. Kommunereformen er en reform for styrket lokaldemokrati, bedre tjenestetilbud og mer rettsriktig og effektiv forvaltning. En hensiktsmessig kommuneinndeling er avgjørende for å sikre og*

*videreutvikle framtidige velferdstjenester og en god og helhetlig lokal samfunnsutvikling. Et sentralt utgangspunkt for kommunereformen er å forenkle, fornye og forbedre styringen av og i kommunene.»*

## **Vurdering**

Det er overraskande at statleg godkjenning av alle vedtak om å ta opp lån eller inngå langsiktige leigeavtaler skal vere eitt av verkemidla for å utvikle det kommunale sjølvstyret.

Når statssekretær Jardar Jensen i følgje NRK Sogn og Fjordane uttaler at «*..det er om ein plutseleg finn ut at ein skal bygge eit badeland, så må rekninga delast på alle i den nye og større kommunen. Det er den typar saker vi ønskjer å unngå*», så oser ikkje eit slikt utsegn av stor tillit til det lokale folkestyre og gir ikkje umiddelberre kjensler av at dette skal vere ei demokratireform.

Innføring av krav til ubetinga godkjenning og kontroll i alle kommunar, og ikkje berre i Robek-kommunar, røper manglande tillit til lokaldemokratiet når ei viktig samfunnsmessig endring skal planleggast og iverksettast.

Manglande tillit kan lett bli eit hinder for å få til gode prosessar, og kan medføre dårlegare resultat enn det ein elles kunne fått til dersom regjeringa nettopp viste kommunane tillit, og ikkje innskrenkar det lokale sjølvstyret ein seier ein vil forsterke og utvikle.

Krav om fylkesmannen si godkjenning er ikkje eit tenleg verkemiddel for å oppnå ei slik god utvikling, og det er svært vanskeleg å sjå behovet for eit slikt tiltak.

Vedlagt følgjer også sak om dette til handsaming i KS sitt Hovudstyre 20. juni.



Høringsnotat\_lovforsl  
ag\_statlig\_godkjenning



Hovedstyresak  
200614 - høring statlig